

Innløising på RV-seminar i Sulitjelma 21.05.83  
Om kommune- og fylkesøkonomi

(Erling Folkvord)

1. Kommunen som en del av borgerskapet sitt statsapparat.
2. Kommunesektoren sin plass i norsk økonomi.
  - nedtrappings frå 1978-81
  - kva slags inntekter har kommunane
  - det nye inntektssystemet
  - motsetninga mellom sektor og heilheta
  - opplegget for kommuneøkonomien 1983 og 1984
3. Årsakar til nedskjæring. Samanheng mellom kommuneøkonomi og imperialisme.
4. DNAs valgkamp og DNAs praksis
5. Litt om RVs rolle

## 1. Kommunen som del av borgarskapet sitt statsapparat.

Det er vanleg å snakke om kommunalt sjølstyre, om motsetningar mellom stat og kommune. Ja det finst i enkelte SV-miljø folk som tenkjer seg eit slags kommune-socialisme. Der dei trur at det gradvis kan vekse fram sosialistiske folkelege maktorgan ut av dei kommunale maktorgana vi har no. Felles for mange slike tankar er at det ikkje tar utgangspunkt i norsk verkeleghet, og at dei ser på kommunestyra som demokratiske folkekontrollerte organ, kontrollert av staten.

Dei første kommunale styringsorgana vart oppretta på 1800-tallet. I grunnlova er ikkje kommunane nemnt i det heile tatt. Det var på 1830-talet vi fekk formannskapslovene. Det viste seg at herskarane hadde bruk for lokale styringsorgan, eit slags nivå mellom statsmakta og folket. Det vart og lagt vekt på at ved å la dei få som hadde stemmerett få velje folk til lokale styringsorgan så kunne staten få utført ein del gratisarbeid.

Søinare har den norske kapitalismen utvikla seg voldsomt, og nye økonomiske forhold har kravd nye og stadig meir kompliserte og detaljerte styringssystem. No først på 80-talet har vi både fylkeskommunane og kommunane som lokale styringsorgan under den sentrale statsmakta.

Det som imidlertid er heilt klart er at både det fylkeskommunale og det kommunale nivået har vokst fram som lokale forgreiningar av statsapparatet. Kommunestyrelova er utforma slik at staten har rett til å overprøve viktige kommunale avgjerder. Eit kommunebudsjett er f.eks. ugyldig viss utgiftene er større enn dei inntektene staten har gitt kommunen mulighet til å få. På alle områder er det slik at kommunale organ har makt innafor dei rammene og på dei vilkår som den sentrale statsmakta fastset.

Derfor må vi ta utgangspunkt i at fylkesting og kommunestyrer likegøvel som administrasjonen i fylke og kommuner er delar av borgarskapets statsapparat. Å vere RVar i slike organ betyr altså å vere revolusjonær parlamentarikar på lågaste nivå i det statlege maktapparatet.

Kommunane rår over svært store verdiar. Dei har råderetten over nesten 20% av dei verdiane som blir skapt i landet. Leiarsjiktet i kommunane har derfor mange fellestrekk med kapitalistar. Dei rår over verdiar som er skapt av arbeidsfolk. Og dei tilsette i kommunane har så vist ikkje særleg større rettar eller betre vilkår enn arbeidsfolk i ei kvar vanleg kapitalistisk bedrift. Ordførar og adm.sjef i ein større kommune har svært mange fellestrekk med direktør og styreformann i eit vanleg industrikonsern. Eg meiner det er rett å sjå på både politiske leiingar og administrasjonstoppen i kommunen som ein del av herskarklassen. Sjøl om dei har ulike særinteresser og utgjør ulike sjikt avhengig av lokale forhold. Det siste fellesmøtet for alle rådmenna i landet viser f.eks. at dei sterkaste i dette sjiktet har ein del særinteresser som skil seg frå t.d. det statlege toppsjiktet. Dei kravde nemleg i eit vedtak at det nye inntektsystemet må bli slik at alle statstilskot blir samla i ein pott som kommunen sjøl får rå fritt over. Ei slik ordning vil sjøl- sagt gi nettopp rådmenna større frihet til å avgjere forvaltninga av dei verdiane det rår over. Dei får t.d. større mulighet til å utforme sin eigen splitt og herskpolitikk over befolkninga i kommunen.

Det er dessutan viktig at kommunane og fylka er den delen av statsapparatet som mest direkte berører kvardagen til vanlege arbeidsfolk. Skole, offentleg helsestell, båtruter og bussruter, alle slags sosiale hjelpeordningar, barnehagar og ein masse andre saker er avhengig at kommunale og fylkeskommunale vedtak. Kapitalistklassen blir i liten grad berørt av slike vedtak. Vanlege lønnstakarar er heilt avhengig av ulike kommunale ordningar.

## 2. Kommunesektorens plass i norsk økonomi

Fram til 1978 var det en ubrutt utvikling at kommunesektoren økte sin andel av den disponible nasjonalinntekte. Dette har vært en naturlig følge av at veier, skoler, helsestell o.s.v. er blitt bygd ut. Denne utviklinga ble snudd gjennom DNA-regjeringas nye politikk fra 1978.

Tabellen nedenfor viser:

Fra 1978 til 1981 var det svært sterk vekst i norsk økonomi. Verdien av Norges disponible inntekt økte med 26% på 3 år. Den "kaka" som skulle fordeles ble med andre ord svært mye større. Virkninga av DNAs innstrammingspolitikk fra 1978 ble satt inn i en slik periode da landets samla inntekter vokste kraftig.

Kommunesektorens inntekter regna som prosentdel av disponibel inntekt for Norge. (Fra NOU 9.82)

1972	17,5%	1978	22,1%
1974	18,0%	1979	21,0%
1976	20,1%	1980	19,2%
1977	22,0%	1981	18,7%

Denne tabellen viser det største omskiftet i norsk økonomi på mange tiår. Det var fram til 1978 en klar historisk tendens at større og større del av nasjonalinntekta ble brukt til fellesformål. Vi bør aldri glemme at det var ei DNA-regjering som klarte å snu denne tendensen, og dermed bane veien for nedbygging av offentlige tjenester og velferdstiltak.

I dei nærmeste åra etter 1978 kom ei rad tilstrammingstiltak. Vi kan og bør stille spørsmålet: Kva ville skjedd viss kommunesektoren hadde fått beholde sin prosentandel av den disponible nasjonalinntekta uendra på 1978-nivå.

Svar: + 9 milliardar i 1981, eller 17% ekstra til rådighet for kommunar/fylke.

Dette ville grovt rekna betydd minst 45 000 fleire arbeidsplassar i kommunesektoren enn vi har no.

Det er denne voldsomme økonomiske tilstramminga som framfor noko anna har gjort det nødvendig med eit nytt inntektssystem for kommunane.

#### ORGANISERINGA AV KOMMUNEØKONOMIEN

Etter det nåværende systemet har kommunene 4 ulike typer inntekter: Skatt, skatteutjamning, statlige driftstilskott, salg- og leieinntekter.

##### 1. Skatt

Både skatteprosenten og fradragsreglene fastsettes av staten. Når staten f.eks. endrer reglene for skattefri banksporing, kan dette få svære konsekvenser for kommuneøkonomien. Anslag viser at kommunesektoren tapte 400 millioner kroner på dette i 1982.

Kommuneskatten utgjorde i 1975 omlag 75% av kommunene sine samlede inntekter, i 1981 var dette redusert til 61%.

## 2. Skatteutjæmningsfondet.

Tilskottene her blir fordelt av kommunal- og arbeidsdepartementet på grunnlag av stortingsvedtak i juni hvert år. Størrelsen på tilskottene varierer sterkt fra kommune til kommune, så sjøl om tilskottene samla ikke utgjør mer enn 5,6% av kommunene sine inntekter, er de svært viktige for en del kommuner.

## 3. Statlige driftstilskott

Det finnes i dag omlag 30 ulike driftstilskott fra staten til kommunene. Tilsammen beløper disse seg til godt og vel 5 milliarder kroner, noe som utgjør omlag 23% av kommunene sine samla inntekter.

Det uten sammenligning største og viktigste tilskottet er til skolen, dette utgjør omlag 2/3 av alle statlige driftstilskott. Etter dette kommer hjelpeordninger i hjemmene som rundt regna tar 10% av de samla tilskottene. Den tredje største gruppa er driftstilskott til barnehager og fritidsheimar som er nesten like store som hjelpeordninger i heimen. De andre tilskotta er stort sett små greier, men som sikkert kan være helt nødvendig for konkrete tiltak rundt om i mange kommuner, f.eks. tilskott til oppsøkende virksomheter blandt barn og ungdom.

## 4. Salgs- og leieinntekter

Dette er inntektsposten kommunene rår over sjøl. I 1981 utgjorde dette 2,2 milliarder eller 6,5% av de samla kommunale inntektene. Det har vært en del statlige restriksjoner på hvor mye ulike gebyr og avgifter kan økes, disse restriksjonene er nå i all hovedsak opphevet. Til tross for dette kan umulig denne posten bli den store inntektskilda for kommunene.

Det nye systemet betyr at pkt. 2 og 3 blir slått saman. Dermed forsvinn såkalt øymerke tilskott frå staten. I dag er det f.eks. slik at berre dei kommunane som driv barnehager får driftstilskott for barnehager, berre dei kommunane som driv heimesjukepleie får statleg tilskott til lønsutgiftene o.s.v. Med den nye ordninga vil det statlege tilskottet vere heilt uavhengig av kva aktivitetar kommunen driv. Anten det no er den kommunale musikkskolen med statsstøtte eller det er ein barnehage som blir nedlagt, så får det ingen innverknad på det statlege tilskottet på inntektssida.

På samme måte, kommunen kan ikkje skaffe seg nye inntekter ved å byggj ut slike tiltak som [www.pdfarkivet.no](http://www.pdfarkivet.no) (2020) av såkalte øymerke tilskott

Essensen i dette er at det borgelege sjiktet som har makta i kommunane, toppolitikarar og administrasjonstoppar, dei får nok etterhvert mindre verdiar å rå over, men til gjengjeld får dei større makt til å avgjere åssen verdiane skal brukast. Eg oppfattar det som at herskarklassen av taktiske grunnar flyttar litt på den innbyrdes oppgåvefordelinga i statsapparatet. Og så marknadsfører dei det som større lokaldemokrati og eit eksempel på viljen til å flytte ansvar og avgjerder ned til nærmiljøet.

Det finst dessutan ei rad fornuftige argument for ei slik omlegging. Det vil bl.a. truleg vere eit enklare og mindre byråkratisk system. Men eg trur det eg har nemnt er den viktigste sida ved det nye systemet. Sant å seie trur eg den voldsomme tilstrammainga på alle kommunale sektorar ville vere uråd å få til utan eit slikt nytt inntekts- og styringssystem.

Det er enno usikkert korleis det nye systemet blir detaljutforma. Som eg nemnte vil dei kommunale rådmenna ha ei ordning der kommunen får berre eit samla rammetilskott frå staten og så har frie hender til å bruke det.

Regjeringa har på si side vurdert om dei heller skal ta omlegginga gradvis og i første omgang operere med f.eks. 5 ulike rammetilskot som da skal vere øymerka til kvar sin sektor. Det er bl.a. den sterke motstanden frå lærarorganisasjonen som er grunn til dette. For skolen ville det f.eks. bety at det blir eit samla tilskot til alle skoleverksemd og at dei spesielle tilskota til ein del tiltak forsvinn. Slik som:- statstilskot til skoleskyss  
- " til musikkskoler  
- " til spesialundervisning  
- til alternativ livssynsundervisning

Det opplegget som regjeringa vurderer er dermed litt mindre vidtgåande enn det rådmennene vil ha. Og sansynligvis taktisk klokare for å unngå for hard motstand særleg frå skolesektoren.

Så vidt eg skjønner vil ein dessutan få ei viss overgangstid slik at ikkje alle øymerka tilskot nødvendigvis forsvinn samtidig.

Motsetninga mellom sektor og heilhet går igjen i heile den offentlege økonomien. Eg skal gjengi korleis desse problema er beskrivi av det statlege Fostervollutvalget, oppnemnt i 1981 av regjeringa Nordli:

Dersom kommunesektoren går for langt i å oppfylle mål og ønsker statlige organer har til den kommunale virksomhet, vil det føre til at kommunesektoren overskrider den økonomiske ramme staten mener sektoren bør disponere. Kommunesektorens samlede virksomhet vil da komme i konflikt med statens økonomisk politikk.

Dersom kommunesektoren holder seg innen den ønskede økonomiske ramme kommer kommunepolitikken i konflikt med statens særpolitikk innen de områder hvor kommunene ikke oppfyller virksomheten slik statlige mål og ønsker fastsetter. På områder som utbygging av barnehager, kloakkrensaneanlegg og deler av helse- og sosialomsorgen har det f.eks. kommet klart til uttrykk statlig misnøye med at kommunens virksomhet ikke har vært stor nok.

Mangel på samsvar mellom de statlige utspill fra fagdepartementene og koordineringsdepartementene fører også lett til interessekonflikter i den enkelte kommune. Fagetater og rådmenn/kontorsjefer vil naturlig bli talsmenn for henholdsvis fagdepartementenes og koordineringsdepartementenes syn. Samme forhold kan også gjøre seg gjeldende mellom formannskap og sektorstyrer. Disse forhold kan lett føre til vanskelig håndterbare situasjoner i den enkelte kommune med hensyn til økonomistyring og budsjettpolitikk.

Dette er nok eit av dei såraste punkta i det kommunale styrings-systemet. Og det nye inntektssystemet kan berre delvis rette på det.

Framleis vil ein ha skolestyre og skoleadministrasjon, ein vil ha sosialkontor og sosialstyre i kvar kommune. Og dei vil på ulike vis komme i konflikt med Rådmannen/kontorsjef og Formannskapet som skal prøve å ta vare på heilheta. Her ligg det tusen muligheter til å utnytte motsetningar og konflikter i vårt arbeid. Med ein bra taktikk kan vi lage mange "vanskelig håndterbare situasjoner".

Føstervollutvalget sitt svar på dette er at det dei kallar "økonomiorganisasjonen" dvs. Rådmannskontoret og Formannskapet må styrkast på bekostning av dei ulike sektororgana. Vi må rekne med at det kjem utspel dei næraste åra for å få til dette.

#### Opplegget for 1983-84

Det er verdt å sjå litt særskilt på regjeringas opplegg for kommuneøkonomien i 1983 og 1984. Som nevnt bestemmer Stortinget i juni kyart år hva som skal være statens tilskudd til det såkalte skatteutjæmningsfondet neste år. Den såkalte skatteutjæmningsproposisjonen inneholder regjeringas linjer for kommuneøkonomien året etter. Stortingets vedtak i fjor førte til at tilskuddene i 1983 bare øker med 1,8% fra 1982. Hvis prisstigninga blir på 9,5%, betyr det en nedgang i verdi på nesten 8%!

Skatteutjæmningstilskudd til kommunene og fylkeskommunene i 1982 og 1983 (mill.kr.)

	Tilskudd 1982	Tilskudd 1983	Endring 82- 83 i prosent
Kommunene	1754	1900	+8,3
Fylkene	2666	2600	-2,5
Sum	4420	4500	+1,8

Iar vi kommunene for seg, ser vi at økninga er på 8,3%, og i alle fall ein dryg prosent under forventa prisstigning. Mens fylkene til og med får en direkte nedgang, før vi har tatt hensyn til prisstigninga.

Da dette opplegget ble behandla i Stortinget i juni, slutta DNA seg til Høyres forslag. Opplegget ble vedtatt av et nesten enstemmig Storting.

I forbindelse med behandlninga av statsbudsjettet har DNA fått behov for å innta at annet og mer "kommunevennlig" standpunkt. I sitt "alternative statsbudsjett" foreslår DNA at skatteutjæmningstilskudd skal økes med 200 mill.kr. Om dette helt nye DNA-standpunktet ble gjennomført, ville samla statstilskudd bli på 4 700 mill.kr. i 1983, og fortsatt bare 6,3% mer enn i 1982. Også dette er en økning som er for liten til å dekke prisstigninga. Skiljet mellom DNA/H dreier seg altså i juni i fjor om farten på nedtrappinga.

Regjeringa sikra dessutan ei rad endringar i skattereglane som tilsaman fører til at kommunane sine samla inntekter i år auker mindre enn skattegrunnlaget.

Skattegrunnlaget er alle innbyggjarane sine samla inntekter. Dei auker vel med nokre få lusne prosentar. Og kommunens skatteinntekter vil altså auke litt mindre.

Ettersom lønsinntektene auker mykje mindre enn prisane, så betyr dette eigentleg at kommunens skatteinntekter økrumper enda raskare i verdi enn vanlege folks lønsinntekter gjer.

Opplegget for 1984 vart vedtatt av regjeringa i vår. Og det er stort sett av same slaget. Et hovedsiktemål i Regjeringens økonomiske opplegg for 1984 er å dempe prisstigningen, sikre konkurranseevnen og trygge arbeidsplassene også på lengre sikt. Moderasjon i den offentlige sektor er en nødvendig forutsetning for dette.

I det økonomiske opplegget for kommuneforvaltningen i 1984 legger Regjeringen opp til at rammen for de kommunale utgiftene bør holdes på omlag det samme reelle nivået som lagt til grunn for 1983 i revidert nasjonalbudsjett, dvs. omlag uendret aktivitetsnivå fra 1983 til 1984.

I samsvar med denne forutsetning foreslår kommunaldepartementet et skatteutjamningstilskott i 1984 på 4 770 mill. kroner. Dette innebærer at nivået på fjordårets skatteutjamningstilskott målt i reelle kroner bør kunne opprettholdes.

Dette "bør kunne opprettholdes" er ikkje mykje verdt. Rekna i prosent auker tilskotet med 5%. Og sjøl om Presthus sine forhåpningar om ei prisstigning på ned mot 6% skulle slå til, så vil altså dette bety at verdien av skatteutjamningstilskotet blir enda mindre enn i år. M.a.o. nedtrappinga held fram.

Og vidare er det slik at regjeringa legg opp til at kommunane skal investere 3% mindre enn i år. Komunalbanken sine utlånsrammer skal frysast fast på samme kronebeløp som i år, dvs. at dei skrumper i takt med prisstigninga.

Det er ellere vordt å vere merksom på at utorpårten av skattout-  
jæmningstilskotet er innbetalt frå kommunane. Det er berre ca. 1,5  
av dei 5,4 milliardane som blir bevilga over statsbudsjettet.

Ut fra regjeringsvedtaket i vår, kan vi i alle fall slå fast at  
kommunane sett under eitt får enda litt trongare økonomi neste år  
enn i år.

I fjor vart det tilsvarende regjeringsvedtaket dunka i gjennom  
i Stortinget utan ei einaste innvending frå DNA. Det er vel ikkje  
usannsynleg at det blir litt annsleis i år p.g.a. kommunevalget.

### 3. Kva er årsakene til nedskjæring. Kommunaløkonomi og imperialism

Heilt frå Oddvar Nordli la fram den nye økonomiske politikken i  
januar 1983 og fram til Presthus la fram opplegget for kommune-  
økonomien for 1984 i vår, så er grunngevinga den same; Det er knappe  
tider, Norge skaper for få verdiar, det er ikkje meire å hente, vi  
må stramme inn fordi det ikkje er meir å ta av.

Hyis vi vil avvise denne forklaringsmåten på ein enkel og over-  
flåtisk måte, så har vi gode kort på handa. Det skulle vere nok  
å vise til at den disponible nasjonalinntekta i Norge auka svært  
kraftig nettopp i perioden frå 1978 og framover til 1981. Den reelle  
auken var som nemnt heile 26% på tre år. Disponibel nasjonalinntekt  
er den delen av verdiskapinga som blir brukt innanlands.

Dette betyr ikkje at det er feilaktig å snakke om ei krise i norsk  
kapitalisme som slår jævli hardt ut i kommunesektoren. Krisa er  
så visst verkeleg nok. Men dette betyr at det er reint tøv når  
borgarlege politikarar seier at det var svikt i den norske verdi-  
skapinga som tvang fram politikken med nedtrapping av dei kommunale  
budsjetta frå 1978 og utover.

Den samla verdiskapinga i Norge slik den blir målt i nasjonalrekne-  
skapen har stagnert i 1982, men det kan rimeligvis ikkje vere nokon  
tyingande årsak til politiske avgjerder som vart att i 1978, 1979  
og 1980.

Kva er årsakane? Politikarane sin ondskap eller kapitalismens innebygde dæverskap?

I 1980 var avkastinga av investeringsane i Nordsjøen 9 gonger høgare enn gjennomsnittsavkastinga i industrien på land. Dette skaper reine støvsugareffekten, der oljesektoren drar til seg kapital frå fastlandsindustrien. Og i enda større grad frå dei ikkjeprofitable sektorane.

Eg vil tru at kapitalismen er slik at ein kapitalist, eller ein kapitalistisk stat, berre i begrensa grad kan velje å føre ein politikk som bryt med reglen om å investere der profitten er størst. Det er alltid slik at dei mindre profitable går dukken i konkurransen med det mest profitable.

Dette er noko av innhaldet bak det evinnelege preiket om "å styrke konkurranseevnen". Statens og borgarskapets mål er, naturleg nok at nokre av dei sterkaste kapitalistgruppene i Norge, skal vekse seg så sterke på bekostning av mindre kapitalistar innanlands, at dei blir i stand til å gjere seg gjeldande i internasjonal samanheng.

Denne konkurransen er ein del av kapitalismens vesen. Og det finnes ingen varige løysingar.

Nokre år på 70-talet førte norske myndigheter ein politikk som gjorde at vi merka mindre til kapitalismens innerste vesen. Aukning i antall arbeidsplasser, og særleg den auka yrkesdeltakinga for kvinner, skyldes i hovudsak nye offentlege arbeidsplassar. Hvis denne politikken ikkje hadde stoppa opp, ville dei uproduktive sektorane komi til å ete opp gradvis meir og meir av verdiskapinga i dei produktive bransjane. Omlegginga av den økonomiske politikken i 1978 viste at DNA-regjeringa ikkje våga å halde fram med ein slik politikk.

Eg skal ikkje gi ei fullstendig forklaring på hvifor Nordli la om den økonomiske politikken i 1978 og kvifor statsministrane Harlem Bruntland og Willoch seinare følgte opp og vidareutvikla dette. Men sett ut frå borgarskapet sin synsvinkel trur eg det har vori ein klok og framsynt politikk, sansynlegvis ein heilt nødvendig politikk.

Det som har skjedd og skjer, er i alle fall 3 saker:

1. For det første ei svært djup og allsidig økonomisk krise som rammer heile den vestlege kapitalistiske økonomien.
2. For det andre fører oljeutvinninga til at det blir bygd opp enorme overskot i norsk økonomi. Overskot som er så svære at det gir grunnlag for framvekst av norsk imperialisme.
3. For det tredje svarer staten på dette med å føre ein politikk som flytter svære verdiar vekk frå dei uprofitable kommunale sektorane og stiller det til rådighet for kapitalistane sjøl.

Eg skal seie litt meir om kvart av desse punkta.

Sjøl om det no dei siste par månadene har vorti snakka om teikn på økonomisk oppgang både i USA og andre stader, så er både den internasjonale massearbeidsløysa og den stadige frykta for eit slags internasjonalt bankkrakk. klare teikn på kor djup og uoverkommeleg den noverande krisa er. Mexico og nokre andre u-land er f.eks. så nedsylta i gjeld til nokre av dei største amerikanske bankane, at desse bankane berre har ein utveg: Nemleg å yte nye lån som kan brukast til å betale renter og avdrag. For hvis dei slutta å gi nye lån ville dei slå Mexico konkurs, og det få ein slags dominoverknad for dei største amerikanske bankane som kan få heilt uover-skuelege følgjer.

Sjøl om vi merker krusningar av denne krisa i Norge og, så er arbeidsløysa låg hos oss enno. Og Norge står i ei særstilling fordi landet byggjer opp stadig større økonomiske reservar.

År etter år har vi svære overskot på statsbusjettet. Sjøl om dei lågproffitable brånsjane blir lagt ned, og arbeidslausa auker, så er proffitten i oljesektoren så høg at det finanspolitiske problemet er å finne fram til korleis overskottet best kan inverserast.

Ein av dei som veit det best er banksjef Tor Moursund i Christiania Bank og Kreditkasse. I april heldt han foredrag om norsk økonomi i det Norsk-amerikanske handelskammeret i New York. Der følte han nok blant vener og han talte nokså åpenhjærtig:

"En norsk kapitaleksport på bortimot 600 milliarder kroner er sannsynlig i løpet av tiåret som starter i 1985... Banksjef Moursund anså det som realistisk mål og hente 10% av Norges framtidige disponible inntekter fra avkastninger på norske investeringer i utlandet. Han karakteriserte forøvrig den norske økonomien som en av verdens sterkeste. Det var et nøkternt, men forholdsvis optimistisk bilde av norsk økonomi som ble tegnet i banksjef Moursunds tale" Referat i Aftenposten fredag 10. april 1981.

Det er framtidsutsiktene for norske kapitaleigarar som Moursund snakkar om her. Han meiner at det skal bli mulig å plassere så store norske investeringar i utlandet at avkastninga skal bli ein tiendedel av nasjonalinntekta tidleg på 1990-talet. Slik norsk økonomi er no, vil ein tiendedel av nasjonalinntekta vere over 25 milliardar. Nasjonalinntekta vil sikkert auke, men det er i allefall lett å tenkje seg at det er ufattelige summar som først må ut av Norge, og investerast i utenlandsk produksjon, for at avkastninga skal komme opp i denne storleiken. For å seie det heilt enkelt: Ingen norsk finansmann ville sagt dette i ei slik forsamling, viss han ikke visste at det var sannsynleg å få spådommane til å bli oppfylt. Da England for lenge sia var på høyden som imperialistmakt, kom det så langt at avkastninga på utenlandsinvesteringane var omtrent ein tiendedel av nasjonalinntekta. Det banksjef Moursund håper på, er at Norge skal tangere eller slå denne imperialistiske verdensrekorden. Viss det går slik Moursund håper, betyr det sjølsagt ikkje at utenlandsfortjenesten blir brukt i Norge. Kapitalistene vil da som nå meine at dei må investere der profitten er størst. Og er ikkje det i Norge, vel da investerer det andre stader.

Dette er i alle fall eit avgjerande argument mot å oppretthalde høg aktivitet i kommuner og fylker. Det borgarskapet treng er at kommunebudsjetta krymper og at det overskotet som dermed blir oppnådd, blir stilt til rådighet for dei sterkeste grupperingane blant norske kapitalistar. Dei største av dei kan dermed ha håp om å bli sterke nok til å ekspandere internasjonalt. Blant finansfolk og borgarlege politikarar blir dette kalla "internasjonalisering av næringslivet". Om dei største norske kapitalgruppene får disponere overskotet i norsk økonomi kan dei investere på dei stadene i verda og i dei bransjene der profitten er størst. Dermed vil ein kunne få såkalt "norske" gigantkonsern som er i stand til å gjere seg gjeldande internasjonalt.

Men om ikkje staten klarer å bremse ressursbruken i kommunesektoren, så er dette uopnåeleg. Om ulike kommunale sektorar skulle bli dimensjonert ut frå folks behov, ville dei ese opp voldsomt. Eg nemnte at om berre kommunesektoren hadde fått beholde sin prosentandel av nasjonalinntekta uendra frå 1978, så ville denne sektoren stukki av med omlag 7 milliardar meir i 1981. Om så hadde skjedd ville det nesten ikkje vori overskot på det norske statsbudsjettet det året.

Eg synes dette illustrerer nokså godt at nedtrapping av kommunal virksomhet og økonomi i 80-åra er heilt nødvendig for at borgarskapet skal få til den internasjonaliseringa av såkalt norsk næringsliv som dei ønskjer seg. Sagt på ein annan måte, kommunebudsjetta må krympast for at dei største private eller statlege konserna skal kunne bli så sterke at dei kan gjere seg gjeldande blant dei store i den imperialistiske verdsøkonomien. M.a.o. er oppbremsing av kommuneøkonomien ein føresetnad for utviklinga av ein norsk imperialistisk økonomi.

For borgarlege politikarar som alltid innretter seg etter kapitalismens innebygde lovmessigheter, trur eg ikkje det finns særlege sjansar til å føre ein grunnleggjande annsleis politikk.

For oss må det m.a. bety at kampen for større kommunebudsjett, ikkje berre er ein kamp for folks velferdskrav, men også ein kamp der vi prøver å leggje kjelker i vegen for dei imperialistiske ambisjonane som norsk storfinans har utvikla. Dersom vi studerer dette nærare, kan vi lære oss sjøl og andre mykje om korleis kapitalismen som økonomisk system fungerer, og kvifor dette systemet ikkje kan gjere anna enn påføre folk stadig nye problem.

#### 4. DNA's VALKAMP OG PRAKSIS.

DNA kjem til å føre ein valkamp som har få berøringspunkt med den økonomiske politikken som DNA-regjeringane førte fram til hausten 1980.

Slikt som at dei i Stortinget i juli i fjor slutta heilt og fullt opp om Høgres opplegg for kommuneøkonomien i 83, vil vere heilt glømt.

Den ekstremt usosiale skatteomlegginga som DNA gjennomførte ved årsskiftet 1980/81, vil og vera heilt glømt.

Dei vil utan skruplar gi Høgre skylda for alt, og dei vil marknadsføre seg sjøl med ein politisk profil som er svært ulik den politikken dei førte i regjeringsposisjon.

Medan det var dei sjøl som utforma og starta den store omfordelingspolitikken som har endra så mykje på norsk økonomi dei siste 5 åra, kjem dei no til å stå fram som tilhengjarar av ein omfordelingspolitikk med stikk motsett forteikn.

Dersom vi ikkje grundig vurdere kva dette betyr, kan vi oppleve mange ubehagelege overaskingar i valkampen.

## 5. LITT OM RV'S ROLLE.

Dette blir kanskje det mest mangelfulle og ufullstendige. Men eg sk i alle fall nemne nokre saker som eg syns bør gjere det muleg å vise eit klart skilje mellom oss og DNA/SV:

1.- Vi må forklare øydeleggjinga av kommuneøkonomien som ein følgje dei innebygde og uløselege motsetningane i kapitalismen, og ikkje som ein følge av akutt pengemangel eller såkalla feilaktig politikk. Vi må få fram samanhengen med imperialismen, og bruke dette til å agitere mot kapitalismen som eit menneskefientleg system.

2.- Vi må gi ei riktig beskriving av samspelet mellom innsatsen i den daglige klassekampen og innsatsen i det kommunalpolitiske arbeidet. I sjukeheimsbemanninga i Oslo som eksempel. Eit RV-krav om å styrke bemanninga vart til slutt innfridd av eit samrøystes bystyre, som nokre mån før hadde avvist mot ei handfull røyster. Det var kampen frå fagforeningar, aviser, pasientar og pårørande som tvang bystyret til retrett. Ut denne kampen ville ikkje RV's forslag nådd fram. Samtidig er det slikt at utan RV i bystyret, ville ikkje masseaksjonen hatt nokon talsmann. Å vise folk ved eksempel korleis det er svært bra å ha ein revolusjonær representant i kommunestyret, er noko heilt anna enn DNA's lovnader om å "ordne opp" på vegne av folk.

3.- Vi må seie klart frå om at kommunen er ein del av statsapparatet, og at leiinga av kommunen er ein del av borgarskapet.

4.- Vi bør prøve å formulere ei slags plattform for kommunal eller fylkeskommunal motstand mot den statsdirigerte nedkjøringspolitikken. RV i Tromsø nådde eit stykke på veg med eit slikt framlegg for eit par år sidan. Det bør kunne gjerast med å samle opp svært viktige saker for folk i kommunen, påvise kor mykje av ulike statlege tilskot som treng for å sikre desse tiltaka, og så prøve å vinne masseoppslutning. Nemne eksempel med skolesektoren i Oslo, og oppslutninga den har fått blant lærarar og foreldreorganisasjonar.

5.- Det er muleg vi bør prøve å offentleggjere fakta frå framlegget til 84-budsjettet, og bruke det i valkampen.